

INFORMASJON OM PLANARBEIDET

Detaljregulering Rysstad sentrum, Setesdalsmuseet,
Valle kommune

Datert: 3. oktober 2023

Trollvegg Arkitektstudio AS er blitt engasjert av Valle kommune i forbindelse med reguleringsplanarbeid for Rysstad sentrum – Bjugsbakk, planID 202302.

Bakgrunnen for planarbeidet er det pågående arbeidet med etablering av ny stavkyrkje på Bjugsbakk.

Det er behov for å lage ein oppdatert reguleringsplan for Bjugsbakk (kollen som stavkyrkja skal stå på) i høve med bygginga av stavkyrkja. I den forbindelse vil ein også sjå på resten av området til Setesdalsmuseet og Setesdal Bygningsvernsenter. Nedanfor er dei førebelse planane beskriver.

Innhald

1. Formålet med planen.....	3
2. Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak.....	3
3. Utbyggingsvolum og byggehøgder	4
4. Funksjonell og miljømessig kvalitet	4
5. Særlege forhold til gjeldande plan.....	5
6. Skredfare	5

1. Formålet med planen


Setesdalsmuseet og Setesdal bygningsvernssenter er etablerte verksemder som skapar og formidlar kulturhistorie. Det arbeidast nå med etablering av ny stavkyrkje på toppen av Bjugsbakk. Stavkyrkja vil bli ein mest mogleg sann kopi av Borgund stavkyrkje.

Både museet og bygningsvernssenteret har planar om utviding. Saman med ei ny stavkyrkje vil området fortsetje å utvikle seg som eit senter for formidling av kultur og kulturhistorie. På sikt er tanken også at området kan huse fleire verneverdige bygg.

Området er i hovudsak 4-delt, med eit område for museum, eit for åtkomstområde for museet, eit for bygningsvernssenteret og eit for stavkyrkje og andre verneverdige bygg. Formålet med planen er å legge til rette for at delområda og området som heilheit har moglegheit til å utvikle seg vidare.

2. Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

Utviklinga av området krev eigna areal for dei ulike tiltaka, gode åtkomstområde og parkeringsplassar. Krav til bygningar og uteareal vil vere ulike i dei ulike delområda. Museet treng plass til moderne og gode museumslokaler. Bygningsvernssenteret treng moglegheit for lagerbygningar og uteareal. Området for stavkyrkje og andre verneverdige bygg treng rom for etablering av stiar og fleksible føresegner for plassering av bygg og tilpassing til landskapet.



Figur 1: Grov oversikt over arealdisponering. Endelege formål og grenser vil vurderast i planprosessen.

Åtkomstområde

Hovudåtkomst er tenkt frå sentrum. Same veg som i dag. Museet og Hylestad Auto nyttar begge parkeringsplassen nede ved åtkomstvegen i dag. Dette er ikkje ei optimal løysing, då det ofte er aktivitet på museet og Hylestad Auto samtidig. Ein vil derfor sjå på moglegheiter for å etablere ein ny parkeringsplass i åtkomstområdet som er markert på kartet over. I åtkomstområdet vil ein også sjå på moglegheiter for haldeplassar/ parkeringsplassar for buss, gangstiar og anna uteareal.

Ekstra parkering

Sjølv om planområdet er stort, er det ikkje utømeleg med areal som kan nyttast til parkering, då ein ynskjer å bevare mest mogleg av kulturlandskapet. Førebels skisser viser moglegheiter for om lag 15-20 parkeringsplassar for besøkande. Borgund stavkyrkje og besøkssenteret har til samanlikning om lag 30 parkeringsplassar, og hadde i 2022 over 50.000 besøkjande. 15-20 parkeringsplassar gjer dermed moglegheiter for store besøkstal. Ser ein i framtida behov for ytterlegare parkeringsplassar, vil det vere aktuelt å sjå på sambruk av eksisterande offentlege parkeringsplassar ved samfunnshuset, eller nye parkeringsplassar i sentrum. Samfunnshuset ligg nord-vest for Bjugsbakk, langs Bjugsbakkvegen. For å skilje aktivitet ved museet og Bjugsbakk med verksemda til Setesdal Bygningsvernssenter, ser ein for seg ein ny stiforbindelse mellom samfunnshuset og museet. Stien vil fyrst fylgje vegen, og så gå rundt området for Setesdal Bygningsvernssenter.

Bjugsbakk

Bjugsbakk blir fyrst og fremst området for stavkyrkja og eit område der ein ynskjer å bevare kulturlandskapet. Det vil bli behov for å etablere stiar ut til stavkyrkja. På lengre sikt ser ein for seg at området kan huse fleire verneverdige bygg. Det vil derfor være viktig å legge til rette for dette.

Setedsalsmuseet

Setedsalsmuseet har planar om utviding. Det vil vere viktig å legge til rette for dette i planen. Området vil framleis ha personalparkering sør for museet.

Setesdal Bygningsvernssenter

Setesdal Bygningsvernssenter har planar om eit nytt lagerbygg heilt vest i området. Utover dette vil det også være viktig at planen er fleksibel med tanke på utnytting av området.

3. Utbyggingsvolum og byggehøgder

For alle områdene vil det vere viktig å ha rom for ei naturleg utvikling. Områda ligg i stor grad for seg sjølve, og verknadane frå nye bygg og tilbygg vil i hovudsak kunn vere på landskapet og bygningsmiljøet innanfor planområdet. Ein ser dermed for seg at det vil vere naturleg med forholdsvis fleksible rammer til utviding innanfor områda.

Området som vert avsett til museum er tenkt med 3 etasjar som i dag. I områda for bygningsvernssenteret, stavkyrkja og andre verneverdige bygningar, må føresegner for byggehøgder vurderast i planprosessen. Stavkyrkja vil bli om lag 17m høg.

4. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Ein vil arbeide med å gjere åtkomsten til museet tydeleg. Særleg viktig er det at det blir tydeleg kva som er parkering for museet og kva som er parkering for Hylestad Auto, og at ein ikkje leiar besøkjande for museet gjennom området for Setesdal Bygningsvernssenter. Vidare vil det vere viktig at ein tek omsyn til kulturlandskapet på Bjugsbakk.

Ein vil sjå på moglegheiter for å etablere forbindelsar med maks stigning på 1:20.

5. Særlege forhold til gjeldande plan

BKB og H570

BKB og H570 vil hovdesakeleg anten regulerast likt som i gjeldande plan, eller ikkje inngå i planen ved fyrstegongshandsaming. Området er teke med då det kan bli aktuelt gjere mindre justeringar i vegen, slik at den kjem litt inn i BKB og H570. Det kan også bli aktuelt å leggja sti i den sørlege delen av området. Dette med utgangspunkt i eksisterande sti som er delvis mura opp opp mot Bjugsbakk.

BAA

BAA er i gjeldande plan tenkt bl.a. som parkeringsareal. I arbeidet med den nye planen vil ein ikkje nødvendigvis vidareføre denne avgrensinga av område for parkering etc.

GN

GN er regulert til grøntareal då det er her «Fådapen» ligg. Dette er eit kulturminne som ikkje er registrert eller verna. Her er det ein liten pytt dei før brukte til å bløytlegge lin og hamp. Ein vil søkje å bevare Fådapen også i den nye planen.

BOP

I gjeldande plan er det ikkje tillate med sprenging i BOP. Dette kjem truleg av at planen primært regulerte andre formål i sentrum, og ikkje museumsbygget. Dette området er aktuelt for framtidig utviding av museomet, og formålsgrenser og føresegner vil bli endra.

6. Skredfare

I NVEs kartbaserte rettleiar til reguleringsplanar er deler av området omfatta av aktsemdsområde for snøskred. NGI utførte i 2014 ei skredfarevurdering i store deler av Valle (langs Otra). Analyseområdet i rapporten omfatta også Bjugsbakk. Aktsemdsområdet i rapporten går ikkje inn i planområdet. Rapporten tek utgangspunkt i sikkerheitsklasse S2. Då ein har bygg i sikkerheitsklasse S3 i planområdet, er det naudsynt med ei skredfarevurdering i samband med planarbeidet.